

Handlings- og tiltaksplan 2010.

Innleiing.

Handlingsplanen 2010 med framlegg til tiltak og aktivitetar byggjer på fylgjande føresetnader og rammevilkår:

- Verdsarvparken deltek som eit av 11 nasjonale pilotprosjekt i Riksantikvaren(RA) sitt verdskapingsprogram på kulturminneområdet ut 2010. (*VSP-kulturminne*).
- Verdsarvparken vart våren 2009 valt ut som eit av ti nasjonale pilotprosjekt til å delta i Direktoratet for naturforvaltning(DN) sitt verdiskapingsprogram ” *Naturarven som verdiskapar*”. (*VSP-naturarv*). Programmet vil gå over ein periode på 5år.
- VSP - prosjektplanar med målsetjingar og satsingar.
- Vedteken Parkplan sine overordna og områdespesifikke satsingar.
- Innspel og intitativ frå partnerar og stiftarar.
- VSP - prosjektplanar med målsetjingar og satsingar.
- Søknader i høve til finansiering av delprosjekt.

Dei viktigaste innsatsområda fram til no har vore:

- kulturminne
- kulturlandskap
- interpretasjon (informasjon, formidling, vertskap)
- bygdeutvikling, produktutvikling, nettverk

Til no har desse aktivitetane vore prosjektretta og ad hoc organisert.

Frametter vil tiltak og handlingar i større grad ta utgangspunkt i, konkretiserast utifrå og prioriterast i samsvar med dei langsiktige satsingane og strategiane nemnde i Parkplanen samt samarbeidstiltak nedfelt i partnerskapsavtalene.

Handlingsplanen er handsama av parkstyret i møte den 8. desember 2009 som delegerte endeleg godkjenning til arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet handsama handlingsplanen den 18.januar 2010.

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett/ Kostnader 2010		
		Andre/ overført	VSP Kulturminne	VSP Naturarv
1.	Administrasjon - Styringsorgan og styringsdokument			
1.1.	Styre og arbeidsutval			
	<ul style="list-style-type: none"> Ivareta ansvaret for drifta av stiftinga. Ivareta oppgåver som er tillagt styret i lov om stiftingar. Handsame og vedta årleg handlingsplan. Utarbeide og handsame langsiktig planar, strategiar og budsjett. Utarbeide og handsame godkjent årsmelding, årsrekneskap og å foreta årsoppgjer. Velje evt. råd og utval, etablere arbeids -og temagrupper/forum. Fastsetje nærare retningsliner for drifta og instruksar for evt. underordna organ. Ivareta funksjon som styringsgruppe i lag med repr. fylkesmannen for pilotprosjekta under VSP-naturarv og VSP kulturminne. Legge til rette for møter/ samlingar i kvar kommune. 		30 000	30 000
1.2.	Dagleg leiing			
	<ul style="list-style-type: none"> Administrere tiltak, aktivitetar og medarbeidarar på ein mest mogeleg målretta og effektiv måte i tråd med vedteken handlingsplan, tilgjengeleg økonomi og retningsliner for dagleg leiar Ivareta funksjonen om sekretariat for Vestnorsk fjordlandskap. Ivareta sambandet og samarbeidet mellom Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og Verdsarvparken. Utvikle og gjennomføre praktisk samarbeid om oppfølging av verdsarvstatusen Drift av styre og arbeidsutval. Arrangere parkmøter. Etablere møteplassar. Delta på samlingar og i nettverk med dei andre pilotprosjekta. Delta i nasjonalt nettverk om regionalparksatsingane. Budsjett -, økonomi- og rapporteringsansvar. Ivareta og fremje informasjon om og formilding av parken/ partnarane sin aktivitet i parken sitt virkeområde. 	635 000		

	Innsatsområde/ tiltak	Andre/ overført	VSP Kulturminne	VSP Naturarv
1.3.	Parkplan			
	<ul style="list-style-type: none"> • Kunngjere, fordele og integrere vedteken parkplan som eit felles forpliktande samarbeidsdokument. • Vidareutvikle eksisterande partnerskapsavtaler med utgangspunkt i parkplanen med omsyn til og særleg fokus på tiltak og handlingar. • Invitere fleire privat personar, organisasjonar, bedrifter og offentlig forvaltning til å teikne partnerskapsavtaler med utgangspunkt i Parkplanen sitt verdigrunnlag og langsiktige satsingar. 		50 000	
2.	Skjøtsel og tilrettelegging			
2.1.	Parkforvaltar - kulturminne og formidling			
	<ul style="list-style-type: none"> • Framhjelp, støtte og råd i høve til planar for istandsetjing/ restaurering og verdiskapande bruk av kulturminner/ kulturmiljø/ kulturhistoriske anlegg. • Framhjelp, pakking og kvalitetssikring av søknader om finansiering av planleggings-, istand- og restauringstiltak. • Koordinering og samordning av tiltak og initiativ i høve kulturminnefagleg styresmakter. • Sekretærfunksjon for Otternestyret og Aurlandsdalen Kulturlandskap. • Prosjektoppfølgjing og rapportering i høve oppstarta prosjekt som: <ul style="list-style-type: none"> ○ Sjøbua i Undredal, Nilsa Marta-naustet på Bakka, Oddastova på Otternes, Kårstova på Sinjarheim, Allmenninghytta i Nordheimsdalen. • Formidling av resultat, kunnskap og røynslar via Fjordsenter på nett, regionale aviser, blad, andre lokale og regionale nettsider mv. • Drift og vedlikehald av www.naroyfjorden.no 		430 000	

	Innsatsområde/ tiltak	Andre/ overført	VSP Kulturminne	VSP Naturarv
2.2.	Restaureringshandverkar			
	<p>I samarbeid med eigarar, tiltakshavar og forvaltning</p> <ul style="list-style-type: none"> • motivere, planlegge, organisere og sikre gjennomføring av <ul style="list-style-type: none"> ○ restaurerings - og istandsetjingsprosjekt. • yte handverksfagleg hjelp og støtte til tiltakshavar i form av råd og rettleiing samt planlegging/ kostnadsrekning/ utarbeide kostnads kalkyler av tiltak. • yte handverkartenester i samband med utføring og gjennomføring. • formidle kunnskap om og /eller halde praktiske kurs og samlingar i bygningsvern og restaurering. • Prosjektleiing etter nærare avtale med tiltakshavar. <p>(Satsing og midlar overført frå Handlingsplan 2009)</p>	470 000		
2.3.	Tiltak og handling - kulturminnesatsing			
	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide tilstands - og restaureringsplanar for Nedbergo, Gardstun på Bakka, Klyngjetunet i Dyrdal. (* Plan for Nedbergo og Dyrdal er overført frå handlingsplan 2009.) • Kurs i tørrmuring. • Open dag Bakka: roing av Sognebåt/vikingskip -samarbeid med partner Njardar vikinglag/Nærøy kulturhistoriske anlegg og Kystled Nærøyfjorden. • Kurs i taktekking med spon/flis i Undredal (sjøbui), samarbeid med partner Undredal grendalag og bygdeutvikling • Kurs i kveding. • Toppfinansiering og støtte til tiltak og prosjekt etter initiativ frå partnarane. • Ein samla tilstands- og restaureringsplan for verdsarven Vestnorsk Fjordlandskap-Nærøyfjordområdet. (2-3årig prosjekt) • Plan for istandsetjing/oppattbygging av bygningsmiljø på Hausen. • Medvirke til gjennomføring av "Sognebåt -prosjektet" / Kystled Nærøyfjorden. 	230 000*	100 000	250 000

	Innsatsområde/ tiltak	Andre/ overført	VSP Kulturminne	VSP Naturarv
2.4.	Parkforvaltar - kulturlandskap, skjøtsel og tilrettelegging			
	<ul style="list-style-type: none"> • I samarbeid med grunneigarar, forvaltning og SNO fremje og prioritere område for skjøtsel • fremje effektiv bruk av skjøtelsmidlar. • planlegge, organisere, koordinere og gjennomføre heilskapeleg skjøtels- og istandsetjingstiltak i Verdsarvparken. • motivere, rettleie og informere om skjøtsel mot rettshavarar og besøkjande. • Fram hjelp av planar for og medverke til istandsetjing, rydding, utbetring, tilrettelegging, merking og skilting av stiar og ferdselsveggar i samarbeid med partner og andre. • prosjektleiing etter nærare avtale med tiltakshavar/ partner. • Fylgje opp tiltak som legg til rette for organisert beiting gjennomført og planlagt i 2009 (Dyrda, Hemre og Fresvik) • Vidare satsing på samarbeid mellom grunneigarar om beitetiltak. 			450 000
2.5.	Tiltak og handlingar - kulturlandskapsatsinga.			
2.5.1.	<p>Sti- og løypesatsing:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bakka/Gudvangen: Slutføre og gjennomføre tiltak på Rimstigen og Gamle Bakkavegen i høve til plan for istandsetjing og i samarbeid med partner Bakka grendalag. Skilting og merking. • Undredal: Istandsetjingstiltak ferdselsveg i Jonadal i samarbeid med partner Undredal grendalag og bygdeutvikling. Skilting og merking . • Nærøydalen: Gjennomføring av tiltak/ tilrettelegging av stiar og ferdselsveggar i Gudvangen med utgangspunkt i ope møte halde i april '09 i samarbeid med partner Nærøy vel. Skilting og merking. • Fresvik: Planlegging/skilting og ryddearbeid i samarbeid med Fresvik bygdelag • Vidare samarbeid og samordning av sti-satsing med partner Aurland og Lærdal reiselivslag • Dyrdal: Samarbeid med Dyrdal grendalag om skjøtlestiltak i kulturlandskapet på 			

2.5.2.	<p>Skogane (med atterhald om finansiering av restaurering av Skogastova)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid med andre partnarar på liknande tiltak etter innspel. • Gamle vegar i Lærdal. • Samordning av sti-og løypesatsinga i Vik. <p style="text-align: right;"><u>Sum pkt. 2.5.1</u></p>			150 000
	<p>Skjøtselstiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Fronnes: Fylgje opp skjøtelsplan, særleg behov for arbeidskraft for å kunne utføre skjøtselstiltaka i planen, samarbeid med SNO. Hovudsakleg skogrydding. ○ Stokko: Fylgje opp skjøtelsplan, særleg behov for arbeidskraft for å kunne utføre skjøtselstiltaka i planen, samarbeid med SNO/Undredal grendalag. Skogrydding og slått, utbetring av bakkemurar(søknad til kulturminnefondet i februar) ○ Stigen: Bidra til utføring av oppgåver i skjøtelsplan, samarbeid med SNO og grunneigar. Gjerding, slått og skogrydding ○ Nedbergo: Ta del i arbeidet med skjøtelsplan på Nedbergo, bidra til utføring av tiltak i planen. ○ Dyrdal: Fylgje opp gjerdetiltak i Dyrdal, krattrydding på inngjerda areal. Skogrydding i samband med restaureringsarbeidet på Skogastova. ○ Nærøydalen: Fylgje opp gjerdetiltak på Hemre. ○ Fresvik: Møte med grendalaget i februar 2010 om aktuelle tiltak saman med SNO Midlar nyttast til å lønne arbeidskraft, dugnadsmidlar, materiell m.m. <p style="text-align: right;"><u>Sum pkt. 2.5.2</u></p>			50 000
2.5.3.	<p>Formidling/arrangement/ kurs:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Open dag/aktivitetsdag -styving, tørrmuring, beite/gjerde (evt. Anna) ○ Åreleiken - partnar Dee Cuningham og Hege Strømme. Bidra til arrangering og organisering (viss behov) ○ Kystleden -partnar. Bidra til vidareutvikling av kystleden og deira aktivitet. ○ Kurs i skjøtsel og stell av landskapet i samarbeid med SJH. <p style="text-align: right;"><u>Sum pkt. 2.5.3</u></p>			
2.5.4.	<p>Guida turar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sivle gard - Nåli: Samarbeid med Randi E. Eide, eigar av Sivle gard • Dyrdal - Drengo: Samarbeid med Arild Dyrdal el Dyrdal grendalag og Siv Tønder 			50 000

<p>2.5.5.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Lærdal: Vardehaug - Frønningen, evt.: Samarbeid med SNO og Lærdal Turlag? • Tønnebergs samlingar på Stalheim, både bygnings- og gjenstandssamlingen: Samarbeid med Stalheim Hotel og Stalheim Landskapsark • Rimstigen: Offisiell opning etter restaureringen m tur opp til botn. Samarbeid med Bakka grendalag • Fresvik: Turrute planlegges i samarbeid med sogelag/ grendalag/ idrettslag <p style="text-align: right;"><u>Sum pkt. 2.5.4</u></p> <p>Skilting:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Merke turruter med skilt etter felles mal og gradering i samarbeid med lag og organisasjonar. - Utarbeiding og oppsett av infotavler om Vestnorsk Fjordlandskap/ lokale infotavler i Flåm, Underdal, Bakka, Gudvangen, Dyrdal, Styvi, Stigen Kai, Håbakken, Kaupanger Ferjekai mv. - Oppsett av bronseplakettar på Styvi, Dyrdal, Gudvangen mv. 			<p>130 000</p>
<p>2.5.6.</p>	<p>Transport:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kjøp av eigen båt. <p style="text-align: right;"><u>Sum pkt. 2.5.5</u></p>	<p>435 000</p>	<p>150 000</p>	
<p>3.</p>	<p>Stadformidling, vertskapsutvikling og læring</p>			
<p>3.1.</p>	<p>Bygdevertkurs</p> <ul style="list-style-type: none"> • Innbyggjarane sin identitet er knytta til kultur - og naturarven. Verdsarvparken byggjer på ein filosofi og ein visjon som seier at verdiskaping skjer ”i møtet” mellom menneske. Difor legg Nærøyfjorden Verdsarvpark vekt på å byggje opp kompetanse innan formidling inspirert av eit metodikk som internasjonalt går under nemninga interpretasjon. • Dette er eit populært og omfattande kurs med stor fagleg tyngde med vekt på natur og kulturhistorie, formidlingskompetanse og bedriftskompetanse. • Tredje generasjons kurs vert fullført vinteren 2009/2010. Det er eit mål utvikle eit totalkonsept for grunnopplæring og vidareutdanning av Bygdevertar og at dette vert etablert/ tilpassa alle grender/ kommunar. 			<p>300 000</p>

	Innsatsområde/ tiltak	Andre/ overført	VSP Kulturminne	VSP Naturarv
3.2.	Pedagogisk opplegg for grunnskulane <ul style="list-style-type: none"> Utvikling av pedagogiske opplegg for grunnskulane i verdsarvkommunane samarbeid med skulane, oppvekst- og kulturavdelinga i kommunane, og evt. Prosjektet ” Sats på Skulen - Snu Sogn”: 		250 000	
3.3.	Formidling og informasjon <ul style="list-style-type: none"> Arrangere workshop i stadformidling (interpretasjon) i samarbeid med grendalag for eksempel Stalheim, Fresvik, Borgund m.fl. Vidareutvikling og drift av nettsida www.naroyfjorden.no Halde fram med bruk av lokale og regionale media til omtale av prosjekt i regi av parken og partnerar. Utforming av profileringsmateriell (brosjyremateriell, visittkort, brevark, ny grafisk profil) Etablering av forum/ nettverk for stadformidling og informasjon. 		200 000	100 000
3.4.	Aurlandsmodellen - grunnlag for formidling til andre. (Samarbeid med SJH) Det primære er at skuletida vert ei god tid i livet for dei som veks opp her ved at opplæringa er lagt til rette på ein slik måte at elevane får brukt alle sider av seg sjølve. Elevane får røter i lokalsamfunnet, kjenner seg heime, utviklar identitet, eigarskap og opplever meistring. <ul style="list-style-type: none"> Gjev liv til til landskapet Skulen som samfunnsaktør - utfører viktige oppgåver for samfunnet - så som skjøtselsarbeid, registreringsarbeid, mv. Agronomisk og økologisk kunnskap og globalt perspektiv - livsviktig kunnskap og haldningar i vår tid. Entreprenørskap i opplæringa - grunnlag for at dei kjem heim og etablerer seg som vaksne og etablerer eller tek del i næringsliv basert på natur- og kulturarven (gardsdrift, vertskapsrolle, matproduksjon....) kurs til lærarar i vertskommuanen som seinare kan utvidast til heile landet. samarbeide med UMB og Høgskulen i Sogn og Fjordane om å ta praksis her inn som ein del av lærarutdanninga . 			

	<ul style="list-style-type: none"> ○ rettleiing til skular og gardar i startfasen og undervegs ○ etablere fagnettverk ved hjelp av digitale medium. 			100 000
3.5.	<p>Verktøykasse for stadkjensle</p> <ul style="list-style-type: none"> ● "Sense of place" - verktøyskrin. <p>Etter mønster frå den engelske AONB (Area of outstanding natural beauty) Forest of Bowland skal vi gjennomføre ei Sense of place analyse/stadkjensleanalyse for Nærøyfjorden Verdsarvpark. Dette skal munne ut i ein «verktøykasse» som inneheld ei poengtert omtale av kva som kan opplevast i området - alt frå mat til dei mest spesielle natur og kulturfenomen. Med utgangspunkt i denne skal vi og kunne tilby kurs særleg retta mot sesong personell som ikkje vert fanga opp av bygdevertkurset.</p> <p><i>(Overført frå Handlingsplan 2009)</i></p>	175 000		
3.6.	<p>Samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane - reiseliv og landskap.</p> <p>Følgjande hovudområder er aktuelle for eit samarbeid/ partnerskap: :</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ekskursjonar og bedriftsbesøk for studentar og tilsette • Gjesteforelesingar på HSF frå dykkar miljø • Kunnskapsutveksling i form av møter, seminar o.l. for studentar og tilsette • Moglegheiter for studentane til å skrive bacheloroppgåver knytt til problemstillingar innafor Verdsarvparken • Moglegheiter for FoU-prosjekt (i samarbeid med Vestlandsforskning - HISF samarbeider i sameiget Forskingssenteret for berekraftig reiseliv. 			100 000
3.7.	<p>"Sentrum for stadformidling"</p> <p>Utvikling og drift av enkel informasjonsportal og infonettverk for faglig informasjon om stadformidling:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablere ei enkel nettside med bruk av bloggverktøyet wordpress (se Parknytt) med eige domenenamn (stadformidling/stedsformidling.no). - Etablere ei Facebookside for stadformidlingsmiljøet. - Samle informasjon om relevante lenkjer, personar og ressursmiljø (som interpret Europe, Association for Heritage Interpretation, Centrum for Naturvægledning, Forum for Naturoppsyn etc). Ta kontakt for å etablere informasjonsflyt og for å få tilsendt 			

	<p>brev med nyhende.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablere mulighet for folk til automatisk å melde seg på ei liste for nyhendebrev på nettsida. - Oppdatering av nettsida og oppfølging av Facebooksida med 2-3 nyhende om formidlingsrelatert informasjon kvar andre eller tredje veke. Samtidig med oppdatering av nettsida vert det sendt ut ein epost med kortinfo til dei som er påmeldt informasjonsnettverket. 		50 000	
4.	Natur- og kulturbasert næringsutvikling			
4.1.	<p>Skjøtsel som opplevingsprodukt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vidareføring av prosjektet «Skjøtsel som oppleving». Prosjektet finn stad i slåttelandskapet Stokko som og er ein ynda stad for kajakkcamping. Prosjektet vil halde skansen i forhold til det terrenget ein vann i for med omsyn til skjøtsel men leggje auka vekt på kommunikasjon med kajakkfolket for å førebyggje konflikhtar og auka kunnskapen om tilretteleggingsbehovet. 			60 000
4.2.	<p>Utsleppsfri fjordturisme - «base camp kajakk» Undredal sentrum</p> <p>Prosjektet forsøker å møte utfordringane knytta til den veksande kajakktrafikken på ein konstruktiv måte. Undredal er ein populær stad for start, avslutning eller rasteplass for kajakktrafikken på fjorden. Til tider er store deler av sentrum flolagt av utan at det finst særskilde tilrettelagte tilbod til denne målgruppa. Bygda ynskjer å kome problema i forkjøpet og etablere ein tilrettelagt landingsplass. Tankane er bearbeidde i arbeidsmøte i bygda og har konkretisert seg til planlegging av eit service og informasjonssenter lokalisert på ei fjordtomt som grendelaget har opsjon på. Mot fjorden skal det vera informasjon for kajakktrafikk og fasilitetar for opptrekk og utsetjing av kajakkar samt flytebrygger for utleige av småbåtar. På land skal det vera tørkeplass, toalett og dusj for kajakktrafikken og landverts trafikk i tillegg til ein informasjon/resepsjon. Det skal utviklast eit driftskonsept parallelt med utviklinga av anlegget.</p>			200 000

	Innsatsområde/ tiltak	Andre/ overført	VSP Kulturminne	VSP Naturarv
4.3.	<p>Lokal mat- ,handverks- og opplevelsesproduksjon. Alliansemerket SAKTE ved Aurland Næringshage as gjennomfører fylgjande prosjekt i 2010:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sekretariat og tilretteleggingsfunksjon for nettverksorganisasjonen Aurland natur- og kulturarv BA. - Smak sakte festivalen. <p>Aurland natur og kulturarv (ANKA) har gjort eit pionerarbeid i mobilisering, utvikling av ein entreprenørkultur og bygging av nettverk mellom småskalaprodusentar av mat-, handverks- og opplevingsprodukt i Aurland. I dette ligg og innsats for utvikling av samhandling og nettverk mellom ANKA miljøet og andre aktørar i området.</p> <p>Ein er no komen dit at vidareutvikling ikkje lenger kan sikrast gjennom vidare innsats med utgangspunkt i småskalamiljøet åleine. Det er naudsynt å utvikle ei <i>næringsklynge</i> (cluster) der store og små, ulike bransjar og det offentlege inngår i eit omfattande samspel med utgangspunkt i felles strategiar og verdiar. Aurland Næringshage as er etablert for å utvikle ei slik næringsklynge for natur og kulturbasert næringsliv i Aurlandsregionen.</p> <p>Ein er såleis i overgangen frå ein pionerfase til ein dynamisk fase noko som gjer det naudsynt å reorganisera arbeidet og ta nye grep. Alliansemerket SAKTE ved Aurland Næringshage As ser det som viktig at ANKA vert vidareført og utvikla som eit ope, fritt, breidt og representativt nettverk av mat-, handverks- og opplevingsprodusentar. Det er viktig med vidareføring av arbeidet for utvikling av entreprenørskapskultur, felles kvalitet/verdigrunnlag, og løysing av flaskehalsar som hindrar bruk av lokale ressursar. Vidare er det viktig å sikre medverknad og kommunikasjon begge vegar mellom medlemane i ANKA nettverket og øvrige aktørar i næringsklynga.</p>			315 000

	Innsatsområde/ tiltak	Andre/ overført	VSP Kulturminne	VSP Naturarv
4.4.	<p>Smak Sakte Festivalen 2010 Smak sakte festivalen er eigd av eit festivallaug samansett av Aurland natur og kulturarv BA, Slow Food Sognefjord , Fjord Oppleving og Fretheim hotell. Festivalen vart avvikla for 4 år på rad 27 september til 4 oktober 2009. Smak Sakte festivalen har ikkje eige organisasjonsnummer men nyttar Aurland Næringshage som prosjekthotell.</p> <p>Føremålet med denne festivalen er å skape ein felles arena mellom reiselivsbedrifter, produsentnettverk som ANKA og forbrukarnettverk som Slow Food som alle har eit ynskje om å utvikle eit mangfald av unike opplevingar og matprodukt.</p> <p>Arrangementet skal setje lys på mangfaldet, variasjonane og det biologiske og kulturelle mangfaldet bak regionen sin mat, historie, landskap og naturbruk. Det skal fokusere på høg kvalitets produkt som kulturelle uttrykk som trengs å hegnast om og vidareutviklast.</p> <p>Festivallauget har gjennomført ei evaluering av festivalen så langt. Konklusjonen vart at ein framleis ser Smak sakte som ein viktig reiskap og eit rammeverk for arbeidet med natur og kulturbasert næringsutvikling i regionen. Frå om med 2010 vert Smak sakte integrert i det løpande arbeidet med produkt og marknadsutvikling i regionen. Arrangementa vil ikkje lenger bli konsentrert til haustferien men spreie seg på fleire konsentrerte program i løpet av året. Frå og med 2010 vert også Smak sakte integrert i utviklingsarbeidet i regi av alliansemerket SAKTE i Aurland. Organisasjonen er styrka gjennom ein avtale/manifest som slår fast føremål, verdigrunnlag og arbeidsform.</p>			400 000
4.5	<p>Kompetansestøtteprogram innan bærekraftig naturbasert reiseliv /økoturisme Aurland Næringshage har utvikla og køyrer programmet for deltakarane i SAKTE i Aurland alliansen. I tillegg vert programmet så langt det er plass ope for deltaking frå andre bedrifter i parknettverket som har tankar om på kort eller lengre sikt å oppnå sertifisering som økoturismebedrifter.</p>			

	<p>Det primære målet er å hjelpe dei aktive bedriftene i alliansen og nettverket i å utvikle og selje kvalitativt gode og lønsame produkt. Difor er målgruppa spissa mot dei bedriftene som aktivt vel ein tydeleg kvalitativ profil.</p> <p>Det sekundære målet er å hauste røynsler for å utvikle eit kompetansestøtteprogram som vi kan tilby ope til bedrifter som forpliktar seg til å leggje ivaretaking av verdsarven til grunn for si verksemd på ein tydeleg og forpliktande måte.</p> <p>Vi har inngått eit samarbeid med den svenske økoturismeforeningen om kjøp av deira program for kompetansestøtte. Kontaktperson er Maria Kjellström. Samarbeidet er av reint fagleg art og gir oss tilgang til 15 års opparbeidde røynsler til kostpris. Programmet er delt opp i 9 moduler i alt. Vi ser føre oss å gjennomføre modul 1- 3 i 2010.</p>			200 000
4.6	<p>Bærekraftige Nærøyfjorden</p> <p>1. <u>Prosjekt Verdsarvbygda Undredal.</u></p> <p>Undredal Grendelag har gjennom lengre tid arbeidd med finansiering av eit heilskapleg utviklingsprosjekt som ligg midt i gata for VSP naturarv og går i inngrep med bærekraftutfordringane. Naturarven som verdiskapar gir eit kjærkome høve til å iverksetje desse planane.</p> <p>Undredal skal kollektivt ta vertskapsrolla og aktivt sikre at møtet med omverda og gjestene skjer på ein måte som er verdiskapande både i kulturell og økonomisk tyding. Vi vil gjera val om kva vi vil vera (produkt) for kven (marknad/målgruppe). Bygda skal ta eit heilskapleg grep rundt utvikling og formidling av bygda og produkta frå bygda. I dette ligg etablering av ein infrastruktur for formidling, aktiv langsiktig kompetansebygging med vekt på formidling og utvikling av inntektsbringande oppleving/formidlingstilbod. På sikt skal utviklingsarbeidet i bygda bli sjølvfinansierande.</p> <p>Det er mål om å utvikle ei heilskapleg plattform for formidling av natur- og kulturverdiar, vertskap og natur- og kulturbasert næring i Undredal. Arbeidet femner om</p>			

	<p>begge innfallsportane til bygda (E 16 og Fjorden) , dalføret og sjølve bygda. Fjellet og fjorden høyrer og med i biletet. I 2009 gjennomførte vi som lekk i dette ein interpretasjonsverkstag over 3 dagar med hjelp av James Carter frå Skottland.</p> <p>2. <u>Prosjektutvikling i dei øvrige grendene langs fjorden.</u> Vi ynskjer å bistå direkte og indirekte til liknande prosessar i dei øvrige grendene i Verdsarvparken sitt virkeområde med utgangspunkt i den andre fjordgrenda med fast busetnad - Bakka og Gudvangen som utgangspunkt. Vi vil bistå med prosesskompetanse og fagkompetanse i ein utviklingsprosess saman med grendelaga.</p>			<p>400 000</p> <p>200 000</p>
	Sum Budsjett/ Kostnad	2 095 000	1 660 000	2 935 000
	Samla Budsjett			6 690 000

Merknad:

- Gjennomføring føreset tilsegn og innsats frå samarbeidspartane / aktørane nemnd i finansieringsplanen.

Nr.	Finansiering 2010	Sum
1.	RA- Tilskot til kulturminne på Verdsarvlista 2009	570 000
2.	RA -Tilskot til kulturminne på Verdsarvlista 2010	456 600
3.	RA - VSP Kulturminne (50% av kr. 1 660 000)	830 000
4.	DN - VSP Naturarven som verdiskapar (50% av kr. 2 935 000)	1 470 000
5.	SFFK - regionale utviklingsmidlar 2010	400 000
6.	Verdsarvrådet/ Sekr. for Vestnorsk fjordlandskap	1 100 000
7.	SFFK - Kulturutviklingsmidlar	200 000
8.	Kommunane - SMIL - midlar	22 400
9.	Kommunane - Midlar frå næringsfond/ samfunnsutviklingsmidlar (Aurland, Vik, Voss og Lærdal)	316 000
10.	Overførte midlar til " Sense frå handlingsplan 2009	175 000
11.	Eigeninnsats/ eigenkapital frå partnerane/ sal av tenester	600 000
12.	Aurland Næringshage/ Alliansen SAKTE	400 000
13.	Regionalt Næringsfond (Aurland, Lærdal og Vik kommunar)	100 000
14.	SFFK - program opplevingsnæringar	50 000
	Sum finansiering	6 690 000

RA = Riksantikvaren
SFFK = Sogn og Fjordane fylkeskommune

VSP = Verdiskapingsprogram
DN = Direktoratet for naturforvaltning

Aurland, 28. januar 2010.

Erling Oppheim
Dagleg leiar